




SEPARASJON OG SKILSMISSE



BARNE-, LIKESTILLINGS- OG
INKLUDERINGSDEPARTEMENTET

RÅD OG HJELP

FRI RETTSHJELP

Fri rettshjelp er ei ordning som er oppretta for å hjelpe folk med låge inntekter. Fri rettshjelp omfattar for det første fritt rettsråd, dvs. at du kan få dekkja utgiftene til rådgeving hjå advokat. Fri rettshjelp omfattar dessutan fri sakførsel, dvs. at du kan få dekkja advokatutgifter og rettsgebyr heilt eller delvis i samband med ei retts sak. For å få nærare opplysningar om ordninga med fri rettshjelp kan du vende deg til fylkesmannen sitt kontor i ditt fylke, eller til ein advokat.

NAV

NAV (Arbeids- og velferdsetaten) kan gje råd og hjelp i spørsmål om trygdeytningar, barnebidrag mv.

KRISESENTER

Krisetelefonar og krisesenter gjev gratis råd og hjelp til personar som har vore utsette for vald eller mishandling i nære relasjonar.

GRATIS JURIDISK RETTLEIING

Juss-studentar gjev gratis råd og rettleiing når ein tar kontakt med:

Juss Buss

Arbinsgt. 7, 0253 Oslo, tlf. 22 84 29 00

Juridisk Rådgivning for Kvinner (JURK)

Arbinsgate 7, 0253 Oslo, tlf. 22 84 29 50

Jussformidlingen

Sydneshaugen 10, 5007 Bergen, tlf. 55 58 96 00

Juss-Hjelpe

Universitetet i Tromsø, Breivika senter, 9037 Tromsø, tlf. 77 64 45 59

AKTUELLE LOVER

Lov 4. juli 1991 nr. 47 om ekteskap

Lov 8. april 1981 nr 7 om barn og foreldre

Lov 28. februar 1997 nr 19 om folketrygd

Lov 17. februar 1989 nr 2 om forskottering av underhaltsbidrag til barn

Særtrykk av desse lovene kan du lese på www.lovdatab.no eller kjøpe eller bestille gjennom ein bokhandel.

INNLEIING

FAMILIEVERN- KONTOR

Det kan oppstå problem i alle ekteskap. Ektepar kan få hjelp til å forstå problema og kanskje løyse dei. Det er mogeleg å søkje hjelp ved eit familievernkontor. Desse kontora har knytt til seg fagkunnige på ei rekkje felt. Ein vil kunne rådspørje både lege, psykolog, sosionom, jurist osv. På enkelte kontor er det òg prest.

Både helsevesen, prest i kyrkja eller trussamfunn og NAV lokalt vil kunne bidra med rådgjeving og hjelp i ein separasjons-situasjon. Barne-, inkluderings- og likestillingsdepartementet har gjeve ut brosjyrane «Foreldreansvar og samværsrett», «Mekling for foreldre» og «Formuesforhold mellom ektefeller».

ANDRE BROSJYRAR

Barne-, inkluderings- og likestillingsdepartementet har også gjeve ut brosjyrane «Barn og samlivsbrudd» som gjev råd og rettleiing til foreldre, og «Hva med min mening da?» som rettar seg mot barn som har foreldre som skal flytte frå kvarandre. Alle brosjyrane er tilgjengelege på www.regjeringen.no/bld

I denne brosjyren har vi valt ekteparet Brit og Arne til å illustrere spørsmål som kan kome opp i samband med eit samlivsbrot.

Frå 1. januar 2009 gjeld ekteskapslova òg for par av same kjønn. Denne brosjyren gjeld difor òg for separasjon/skilsmisse mellom ektepar av same kjønn, og for par som tidlegare har inngått registrert partnerskap.

SEPARASJON OG SKILSMISSE

Faktisk samlivsbrot

Dersom Arne og Brit flyttar kvar for seg fordi dei ikkje lenger vil leve saman som ektefellar, kallar vi det eit samlivsbrot. Dette gjeld både når begge ynskjer å bryte samlivet, og når t.d. Brit reiser mot Arne sitt ynskje fordi ho ikkje lenger vil fortsetje samlivet. Samlivet er ikkje brote om Brit må reise bort t.d. på grunn av arbeid eller studiar, så lenge dei ynskjer å fortsetje ekteskapet.

Framgangsmåte ved separasjon og skilsmisse

Alle separasjonar og dei aller fleste skilsmisser skal handsamast av fylkesmannen. Det er berre i særlege tilfelle som t.d. når det vert kravd skilsmisse på grunn av overgrep eller bigami, at skilsmissesak skal reisast for domstolen.

Har Arne og Brit felles barn under 16 år, må dei møte til mekling før dei kan søkje om separasjon. Dei må mekle i ein time. Etter denne timen skriv meklaren ut ein meklingsattest, som vert lagt ved søknaden om separasjon saman med dei andre dokumenta som vert kravd. Alle får tilbod om mekling i inntil tre timar til. Viss Arne og Brit etter fire timar ikkje har kome fram til ei avtale, kan meklar tilby tre timar mekling til dersom han meiner at dei kan bli einige. Les meir om mekling i brosjyren «Mekling for foreldre».

SØKNAD TIL FYLKESMANNEN

Separasjon

Viss Arne eller Brit eller begge ynskjer å verte separert, kan dei søkje om separasjon på eit søknadsskjema som dei får hjå fylkesmannen. (Søknadsskjema er òg tilgjengeleg på Barne-, inkluderings- og likestillingsdepartementet sine internettsider: www.regjeringen.no/bld) Søknaden skal sendast til fylkesmannen i det fylket der dei budde saman sist. Dersom begge har flytta frå dette fylket, skal søknaden sendast til fylkesmannen i fylket der ein av dei bur no.

I lova står det at ein ektefelle som ikkje finn å kunna fortsetje samlivet, kan krevje separasjon. Dersom Arne eller Brit ikkje ynskjer å halde fram med å vere gift, er dette god nok grunn til å krevje separasjon. Dei treng ikkje gje noko grunngeving ut over dette for å ha krav på separasjon.

BROT PÅ SEPARASJONEN

Arne og Brit kan naturlegvis når som helst ta opp att samlivet ved å flytte saman att (eller fortsetje å bu saman). Skulle Arne og Brit seinare likevel ynskje skilsmisse, må dei søkje fylkesmannen om ny separasjon. Dersom Arne og Brit er saman i korte tidsperiodar, t.d. feriar, pga. barna, vil ikkje dette føre til brot på separasjonen.

IKKJE RETT TIL GJENGIFTE

Virkinga av separasjon

I separasjonstida er Arne og Brit framleis formelt gift. Dei kan difor ikkje gifte seg på nytt.

TRYGDEYTINGAR

Dersom barna skal bu hjå Arne etter separasjonen, får han rett til barnebidrag og utvida barnetrygd. I enkelte tilfelle kan Arne òg få rett til stønad til einsleg forsørgjar etter folketrygdlova. Informasjon om dette kan ein få ved å ta kontakt med NAV lokalt, som har ansvaret for både trygdesaker og bidragssaker.

Når det gjeld tilhøvet til barna, underhaldsbidrag til ektefelle og/eller barn, deling av formuen, arv og enkelte andre spørsmål, gjeld dei same reglane under separasjonen som etter skilsmissa.

FORMUETILHØVET

Ved separasjonen opphøyr Arne og Brit sitt felles ansvar for underhald av familien. Ein av dei, eller begge, kan på dette tidspunktet krevje deling av buet etter reglane i ekteskapslova. Les meir om dette i brosjyren “Det økonomiske forholdet mellom ektefeller“ på www.regjeringen.no/bld

Skilsmisse

Arne eller Brit kan krevje skilsmisse ved løyve av fylkesmannen når det har gått eitt år etter at dei fekk separasjonsløyve. Det er ikkje naudsynt at dei er einige om å skiljast. Ynskjer berre Brit skilsmisse, har ho krav på å bli skild, sjølv om Arne ikkje ynskjer dette. Det er heller ikkje naudsynt at Arne og Brit er einige om deling av formuen, bidrag, pensjonsrettar o.l. for at dei skal kunne få skilsmisse. Desse spørsmåla kan ein ta opp seinare, dersom Arne og Brit ikkje er einige på tidspunktet for skilsmissa.

TO ÅR ETTER SAMLIVSBROT

Dersom Arne og Brit ikkje har blitt separert ved løyve, men berre har flytta frå kvarandre, kan den som ynskjer det krevje skilsmisse etter at dei har budd frå kvarandre i to år. Det er heller ikkje i desse tilfella naudsynt at Arne og Brit er einige om å skiljast.

Ynskjer Brit skilsmisse etter at ho og Arne har budd frå kvarandre i to år, og Arne påstår at dei tvert imot har budd saman i lengre periodar etter samlivsbrotet, må skilsmissesaka handsamast av domstolen. Dersom både Arne og Brit er einige om at dei har budd frå kvarandre i den toårsperioden som lova krev, skal dei sende skilsmissesøknaden til fylkesmannen.

SKILSMISSE PGA. OVERGREP

Domstolen kan gje skilsmisse ved dom sjølv om partane ikkje har vore separert, dersom den eine av ektefellane har forsøkt å drepe den andre eller barna, eller har utsett dei for alvorlig mishandling. Dette gjeld òg dersom ektefellen har trua med å drepe eller mishandle.

Når nokon har blitt tvinga til å inngå ekteskap, kan ein òg krevje skilsmisse utan nokon separasjonsperiode. Ektefellane kan i desse tilfella velje å reise sak for domstolen for å få kjent ekteskapet ugyldig. Det gjeld tidsfristar for å reise sak.

BIGAMI

Arne kan krevje skilsmisse utan først å ha vore separert, dersom Brit har gifta seg med Svein utan å ha blitt skild frå Arne. Arne må i slike høve rette kravet om skilsmisse til domstolen.

BIGAMI

Opplysning av ekteskap

Dersom Brit gifter seg med Svein utan å vere skild frå Arne, kan Svein krevje ekteskapet oppløyst.

EKTESKAP MELLOM NÆRE SLEKTNINGAR

Viser det seg at ektefellane er foreldre og barn, eller sysken eller halvsysken, kan dei krevje ekteskapet oppløyst. Ynskjer ingen av ektefellane å reise sak om dette, skal fylkesmannen reise sak for å oppløse ekteskapet. Desse sakene skal handsamast av domstolen.

SPØRSMÅL SOM KAN AVGJERAST I SAMBAND MED SEPARASJONEN/ SKILSMISSA

MEKLING

Avtaler om barna

Dersom Arne og Brit har barn saman, må spørsmålet om foreldreansvar, kven barna skal bu fast saman med og samværsrett avgjerast når dei flyttar frå kvarandre. Er barna under 16 år, må foreldra møte til mekling før separasjons- eller skilsmisssaka vert lagt fram for fylkesmannen. Arne og Brit må møte til mekling sjølv om dei er einige. Målet med meklinga er at foreldra skal kome fram til ei avtale om barna. Ei slik avtale bør vere skriftleg. Barne-, inkluderings- og likestillingsdepartementet har gjeve ut brosjyren «Mekling for foreldre» om dette.

Barnebidrag

Arne og Brit har begge plikt til å medverke til at barna skal ha det godt under oppveksten, og få ei utdanning etter evner og anlegg. Dersom barna bur hjå Arne, må Brit oppfylle sin del av plikta ved å betale barnebidrag kvar månad.

AVTALE OM BIDRAG

Kvar av foreldra har plikt til å yte etter si evne for å forsørge barna. Dei kan sjølv avtale storleiken på bidraget. Blir dei ikkje einige, kan dei be om at NAV avgjer storleiken på bidraget. Det kan òg verte pålagt bidrag til dekking av særlege eingongsutgifter. Du kan lese meir om utrekning av barnebidrag på www.nav.no

INDEKSREGULERING

Barnebidrag skal indeksregulerast 1. juni kvart år, viss anna ikkje er avtalt eller fastsett. Spørsmål om barnebidrag kan ein rette til NAV lokalt.

Ektefellebidrag

Når Arne og Brit flyttar frå kvarandre, blir separert eller skilde, kan ein av dei i enkelte tilfelle krevje underhaltsbidrag frå den andre.

Brit kan til dømes krevje underhaldsbidrag dersom moglegheita hennar til å forsørgje seg sjølv er svekka som ei følgje av ekteskapet eller omsorg for barna. I andre tilfelle kan ein berre påleggje bidrag viss særlege grunnar talar for det. Bidrag skal vanlegvis utbetalast i inntil tre år, men det kan òg fastsetjast utan tidsavgrensing dersom ekteskapet har vore langvarig.

Arne og Brit kan avtale kor stort bidraget skal vere. Viss begge er einige om administrativ handsaming av saka, avgjer NAV om ektefellebidrag skal fastsetjast, og kor stort dette skal vere. Dersom Arne og Brit ikkje er einige om administrativ handsaming, må domstolen avgjere spørsmålet.

VED GJENGIFTE

Gifter Brit seg att, har ho ikkje lenger krav på ektefellebidrag frå Arne. Barnebidraget vert derimot utbetalt som tidlegare.

INDEKSREGULERING

Ektefellebidrag skal som hovudregel ikkje indeksregulerast.

Skifte og bruksrett til bustad

Når Arne og Brit flyttar frå kvarandre kan det kome opp spørsmål om kven som skal overta bustaden, og korleis formuen skal delast mellom dei.

Eigneluter eller verdjar som t.d. Arne hadde med seg då han gifta seg, eller som han har arva eller fått som gåve i åra dei var gifte, kan han som hovudregel krevje å halde utanfor delinga. Les om skifte og bruksrett til bustad i brosjyren «Det økonomiske forholdet mellom ektefeller» på www.regjeringen.no/bld

FRÅ FOLKETRYGDA

Pensjon til ektefelle

Brit vil ha rett til ektefellepensjon frå folketrygda, dersom Arne dør innan fem år etter skilsmisja. Ekteskapet må då anten ha vart i 25 år, eller ha vart i 15 år dersom partane har felles barn. Brit misser denne retten dersom ho gifter seg på nytt. NAV kan gje nærare opplysningar om ektefellepensjon frå folketrygda.

Arne kan vere tilslutta private pensjonsordningar som òg kjem Brit til gode i form av ektefellepensjon dersom Arne døyr. Reglane om ektefellepensjon er i ei viss grad knytt til det som er bestemt i pensjonsavtalen.

Har ekteskapet vart i minst 10 år, og Brit var minst 45 år ved skilsmissa, vil Brit framleis ha rett til ektefellepensjon frå privat pensjonsordning sjølv om ho blir skild frå Arne.

Namn

Viss Brit tok slektsnamnet til Arne då dei gifta seg, kan ho behalde dette namnet sjølv om dei blir skilde. Dersom ho ynskjer å endre namn etter separasjonen eller skilsmissa, må ho sende inn skjema «Melding om endring av namn» til skattekontoret. Skjemaet finn ein på www.skatteetaten.no

LOV AV 4. JULI 1991 NR 47 OM EKTESKAP

Kapittel 4. Oppløsning av ekteskap. Separasjon.

§ 19. *Oppløsning av ekteskap.*

Et ekteskap kan oppløses ved skilsmisse etter forutgående separasjon i medhold av § 21 eller uten forutgående separasjon i medhold av §§ 22 og 23. Et ekteskap kan videre oppløses i medhold av § 24.

§ 20. *Separasjon.*

En ektefelle som ikke finner å kunne fortsette samlivet, kan kreve separasjon.

En separasjon blir uten rettsvirkning dersom ektefellene fortsetter eller gjenopptar samlivet. Samliv i en overgangstid inntil samlivet blir brutt, eller kortvarige forsøk på å gjenoppta samlivet, har likevel ikke denne virkningen.

§ 21. *Skilsmisse etter separasjon.*

Hver av ektefellene kan kreve skilsmisse når de har vært separert i minst ett år.

§ 22. *Skilsmisse etter samlivsbrudd.*

Hver av ektefellene kan kreve skilsmisse dersom samlivet har vært brutt i minst to år.

§ 23. *Skilsmisse på grunn av overgrep og tvangsekteskap*

En ektefelle kan kreve skilsmisse dersom den andre ektefellen med hensikt har forsøkt å drepe ham eller henne eller barna eller forsettlig har utsatt dem for alvorlig mishandling. Det samme gjelder dersom ektefellen har opptrådt på en måte som er egnet til å fremkalle alvorlig frykt for slik atferd.

Krav om skilsmisse etter første ledd må være reist innen seks måneder etter at ektefellen fikk kjennskap til handlingen, og senest to år etter at den fant sted.

En ektefelle kan også kreve skilsmisse dersom han eller hun har blitt tvunget til å inngå ekteskapet ved rettsstridig atferd. Dette gjelder uavhengig av hvem som har utøvd tvangen. § 16 fjerde ledd gjelder tilsvarende.

§ 24. *Oppløsning av ekteskap som er inngått i strid med § 3 eller § 4.*

Hver av ektefellene kan kreve ekteskapet oppløst dersom det er inngått i strid med § 3 eller § 4.

Reiser ingen av ektefellene sak, skal fylkesmannen reise sak for å få ekteskapet oppløst. Dersom sterke grunner taler for det, kan fylkesmannen likevel beslutte at sak ikke skal reises eller at saksanlegg skal utsettes.

En ektefelle kan kreve skilsmisse når den andre ektefellen har inngått nytt ekteskap i strid med § 4.

Nytt ekteskap i strid med § 4 kan ikke kreves oppløst etter første eller andre ledd dersom det tidligere ekteskapet er blitt oppløst.

§ 25. *Virkningen av separasjon og skilsmisse.*

Virkningen av separasjon og skilsmisse inntre den dagen fylkesmannens bevilling er gitt eller dom blir avsagt, når ikke annet er særskilt bestemt.

Bevilling eller dom om skilsmisse gir ikke rett til å inngå nytt ekteskap før bevillingen er blitt endelig eller dommen rettskraftig.

Har bevillingsvedtaket vært gjenstand for klage, regnes ikke vedtaket som endelig før etter utløpet av søksmålsfristen i § 29 femte ledd.

Brosjyren er gjeven ut av
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

Publikasjonskode: Q-0794 N
Elektronisk versjon fra www.regjeringen.no
www.kursiv.no 12/2010